

Investoråtvaring

Finanstilsynet åtvarar mot å handle på børsen Kyoto Commodity Exchange

Finanstilsynet har motteke opplysningar om at utanlandske føretak utan løyve til å tilby investeringstenester, har kontakta norske investorar og tilbode handel på børsen Kyoto Commodity Exchange (adresse: 33 Karasumadori Shiokoji-sagaru, Higashi Shiokojicho, Shimogyo-ku, Kyoto 600-8555, Japan). Opplysningane Finanstilsynet har motteke, gjev oss grunn til å tru at det dreiar seg om ein falsk børs. Selskapet tilbyr tenester frå nettstaden <http://kycx.org/>.

Finanstilsynet gjer oppmerksom på at Kyoto Commodity Exchange ikkje har norsk godkjenning til å drive verksemd som regulert marknad i Noreg. Finanstilsynet tilrår derfor investorar om ikkje å handle med, inngå avtaler med eller overføre verdier til Kyoto Commodity Exchange.

[Finanstilsynets register](#) inneheld informasjon om alle føretak som har løyve til å drive verksemd som regulert marknad i Noreg. På nettstaden til Finanstilsynet er det òg ei liste (ikkje fullstendig) over [aktørar i marknaden som opererer utan løyve](#).

Investor warning

Finanstilsynet (The Financial Supervisory Authority of Norway) warns against trading on the Kyoto Commodity Exchange

Finanstilsynet has been informed that foreign investment firms have approached Norwegian investors offering trading on the exchange Kyoto Commodity Exchange (address: 33 Karasumadori Shiokoji-sagaru, Higashi Shiokojicho, Shimogyo-ku, Kyoto 600-8555, Japan). The information received by Finanstilsynet, gives us reason to believe that the exchange is fraudulent. The company also offers services from a website <http://kycx.org/>.

Finanstilsynet wishes to make it clear that Kyoto Commodity Exchange does not have authorisation to operate as a regulated market in Norway. Finanstilsynet therefore recommends investors not to trade, enter into agreements with or transfer assets to Kyoto Commodity Exchange.

Finanstilsynet's registry (<http://www.finanstilsynet.no/registry>) gives details of all companies authorised to offer investment services in Norway. A list (not complete) of companies operating in the market without a licence can be found on Finanstilsynet's website (<http://www.finanstilsynet.no/markedsadvarslar/>).